



Vikøy Sokneråd

Postboks 39

5600

Referat frå SR i Norheimsund kyrkje 30.09.2025 kl.19.00

Opning: Gudrun

Kaffe og noko å bite i: Astrid

Frammøtte: Solfrid, Astrid, Tove, Magne, Randi, Vetle, Gudrun

40/25 Godkjenning av innkalling og referat.

Vedtak: Innkallinga vart godkjend. Til referatet: Brynhild Eide var utegløymt når det galdt namn over frammøtte. Elles vart referatet godkjent.

41/25 Orienteringar og evalueringar

- **Kick-off med konfirmantane:** Laurdag 6.sept.kl.12-17 møtte det 65 konfirmantar frå heile heradet. Dei hadde div.samhandlingsaktivitetar. Vetle, Julie, Astrid, Solfrid, Norunn + ca 8 Framneselevar var med. Foreldra var inviterte til å vera med på gudstenesta kl.16. Gode tilbakemeldingar og nydeleg vår. «Tommel opp» med små justeringar. med. Dersom det ikkje hadde vore mat (grilling av pølser), er det nok med 2,5 timar.
- **Temakveld med Geir Gundersen: Mi sorg er lys :** ca.70 frammøtte. Det var fint at folk hadde tid til å stoppa igjen etterpå. Kanskje det skal startast sorggrupper her i kyrkjelyden etter nyttår.
- **Verdsdagen for førebygging av sjølv mord:** I år var kyrkja medarrangør. 30 frammøtte. Vakker musikk av Ulf og lystenning i kyrkja. 10.sept skal markerast kvart år.
- **Ettermiddagsgudsteneste med utdeling av 4-års bok:** Kjempefin gudsteneste med masse folk, ca 130 stk.

- **Fakkeltog for forfylgde kristne vert søndag 9.november:** Gudsteneste for alle er kl.16, og då vert det offer til Stefanusalliansen. . Framnesruss kjem og orienterer om misjonsprosjektet. Det vert kyrkjekaffi for Kyrkjeklubben i kyrkjelydssalen etterpå. Elles samlast folk til fakkeltog utanfor kyrkja kl.16.45. Fakkeltoget går kl.17.00. Kl. 17.15: Appell på Haldeplassen v Øystein Fure Johansen. Kl. 18.00 er det samling i bedehuset.
- **Fasteaksjonen med konfirmantane blir tysdag 24.mars 2026 og samtalegudstenesta blir onsdag 15. april 2026 kl. 18.00 i Norheimsund kyrkje.** Konfirmantfest etterpå.
- **Konsert med Krupka Trio er utsett til våren.** Han ynskjer konsert i april.
- **Vennefest 31.oktober. Avklaringar og fordeling av oppgåver.** Tryllekunstnar kjem. Elles vanleg opplegg etterpå. 8 konf frå Strb blir med + kanskje elevar frå Framnes. Rigging torsd kl.17-19. Solfrid skriv liste over kven som vert med torsd/fredagen.
- **Lyskonsert 14.november. Avklaringar og fordeling av oppgåver:** Magne ordnar med to annonsar i HF (max 2000kr). Me har fått støtte frå Folkeakademiet. Tove leier, og det vert musikk/song ved Sevi, Laudamus, Ulf og Heims. Magne ordnar med programmet. Astrid opprettar Spleis (opptil 50.000). Vetle spør Olav om han har noko morsomt på lager/kåseri. Me satsar på festkaker til kafêen etter konserten. Pynt på alteret og innkjøp av serviettar, lys og kaffi: Gudrun. Billettseljarar: Eva og Magne.
- **Ikon. Status så langt, og orientering frå tilsette i Bispedømmet:** I går var Jens Meyer, biskop Ragnhild og nokre fleire innom for å sjå på storleik og plassering av eit evt. ikon. Solrunn, Brynhild, Vetle og Tove var med. Det er ein lang prosess som kan ta opp til eitt år. Komiteen må laga ein plan og skriva ein god søknad til Bispedømmerådet.
- **Nytt frå fellesrådet:** Det går betre med økonomien.
- **Det blir soknerådsleiarmøte 16.okt.**

42/25 Førebuing av møte med kantorane: Me vil invitera organistane med på neste soknerådsmøte. Kva ynskjer me å snakka med dei om?

Vedtak: Dei vert inviterte til SR 2.des. Me vil ta opp Kyrkjemusikalsk plan. Det er nyttig om dei kan evaluera den noverande planen, og at me saman kan sjå framover mot arbeid med den nye planen. Astrid tek kontakt med kantorane om dette.

43/25 Mandat til heilskapleg plan for kyrkjeleg arbeid i Kvam.

Saksutgreiing:

Arbeidsmøtet i Norheimsund kyrkje (for administrativt tilsette, kantorar, kyrkjelydspedagogar, kateket og prestar) har drøfta både ny gudstenesteforordning, plan for undervisning/ trusopplæring som skal reviderast til å innpasse nye krav, kyrkjemusikalsk plan, diakoniplan for Kvam og «Kirka vår» i møtet 16.09. Dei ønskjer å utfordre sokneråda i Kvam til å vedta eit mandat til tilsette om å iverksette arbeid med ny gudstenesteforordning, plan for undervisning/ trusopplæring slik at den vert tilpassa nye krav, kyrkjemusikalsk plan, diakoniplan for Kvam og «Kirka vår». Dette arbeidet kjem så tilbake til sokneråda som vedtakssak, etter ein høyringsrunde.

Dette arbeidet skal leiast av sokneprest Vetle Karlsen Eide, og arbeidet skal utførast i samarbeid med ei arbeidsgruppe som består av aktuelle administrativt tilsette, kantorar, kyrkjelydspedagogar, kateket og prestar.

Vedtak: Soknerådet anbefaler med dette at administrativt tilsette, kantorar, kyrkjelydspedagogar, kateket og prestar utarbeider ny gudstenesteforordning, plan for undervisning/ trusopplæring som skal reviderast til å passe til nye krav, kyrkjemusikalsk plan og diakoniplan for Kvam slik at dette kan passe inn i «Kirka vår».

Arbeidet blir leia av sokneprest Vetle Karlsen Eide, og arbeidsgruppa består av aktuelle administrativt tilsette, kantorar, kyrkjelydspedagogar, kateket og prestar.

Arbeidet blir iverksett så snart det ligg føre vedtak frå Strandebarm, Vikøy, Øystese og Ålvik.

Arbeidet skal etter planen ferdigstillast og setjast i verk 1.1.2027.

44/25 Eventuelt

Ingen saker

Gudrun Skeie Langeland, skrivar